


Referat frå møte UFAB 1. september 2020


Stad: Voss tinghus


Medlemmar UFAB

Namn	Funksjon	Område	Møtt	Forfall
Eystein Hauge	Kommuneoverlækjar	Voss Herad	X	
Dag Erlend Skjelbreid	Kommuneoverlækjar	Kvam Herad	X	
Unni Solem	Kommuneoverlækjar	Ulvik kommune	X	
Aina Skjoldal	Ass. Seksjonsleiar	Helse Bergen. Amb.	X	
Åge Jensen	Ass. Seksjonsleiar	AMK Bergen	X	
Anne Karoline Pedersen	Seksjonsleiar	AMK Bergen	X	
Ralf Teetzman	Avd. overl. Anestesi	Helse Bergen, Voss sjukehus	X	
Ole M. Thorseth	Kommuneoverlækjar	Vaksdal kommune		X
Øyvind Østerås	Avdelingsleiar	Helse Bergen, AMA	X	
Otto Sæthre-Hansen	Seksjonsleiar	Helse Bergen. Amb.	X	
Rita Høvset	Kommuneoverlækjar	Eidfjord kommune	X	
Silje Todnem	Legevaktsjef	Hardanger- og Voss LV	X	
Elin Seim	Avdelingssjukepleiar	AKM/LV Voss sjukehus	X	

Sak nr.		Ansvarleg	Tidsfrist
12/20	Godkjenning av møteinnkalling OK	Eystein	
4/20	Tenestevtale 11 og 12 Ynskjer å setta saman arbeidsgruppe som jobbar fram utkast til avtalar. Det kjem ein rettleiar for akutthjelparordning i løpet av 2020 som kan påverka arbeidet. Når tenestevtale 11 og 12 er jobba fram vil arbeidet gå vidare med ulike særavtalar med enkelte kommunar der	Eystein og Øyvind	Start haust 2020

	<p>det er naudsynt. Dei vil ligge som vedlegg til tenesteavtalane.</p> <p>Status pr. 1. sept: Det er kalla inn til arbeidsmøte i slutten av september. Arbeidsgruppa består av representantar frå ulike SU-regionar knytt til Helse Bergen, brukarutval, HDS og Helse Bergen. Frå vårt UFAB-område er dette Eystein Hauge (kommuneoverlege Voss Herad), Øyvind Østerås, Åge Jensen og Ralf Teetzmann (Helse Bergen)</p>		
5/20	<p>Status etter kommunesamanslåing</p> <p>Ambulansetenesta er uavhengig av kommunegrenser. Det er behov for oppdatering/omprogrammering av RT. HDO jobbar med saka.</p> <p>Status pr. 1. sept: RT er omprogrammert og testa.</p> <p>Daglegevakt Voss Herad</p> <p>Voss herad har starta prosjekt knytt til daglegevak.</p> <p>Status pr. 1. sept: Mandat er på plass og arbeidet har akkurat starta. Det vil komme e-post frå prosjektet til samarbeidspartar for å innhente erfaringar med dagens organisering.</p> <p> ENDELIG Prosjektmandat dag</p>	<p>Elin</p> <p>Silje</p>	<p>Ferdig</p> <p>Start haust 2020</p>
6/20	<p>Legevaktbil</p> <p>Ynskje om eit samarbeid mellom akuttmedisinsk avdeling og Voss legevakt der paramedic kan bemanna legevaktbil i lag med lege i vakt. Akuttmedisinsk avdeling ser opning for å setta av ressurs til dette utan auka kostnad for kommunane. Partane ynskjer å få ei meir «aktiv» legevaktbil. UFAB vil starta arbeidet så snart som mogleg. Det vil bli sett ned ei prosjektgruppe som jobbar vidare. Både kommunane og Akuttmedisinsk avdeling søker å finna finansiering av prosjektet gjennom utviklingsmidlar og tilskot. Resultat av ein prøveperiode vil avgjer om dette også kan vera aktuelt for Kvam herad</p> <p>-----</p> <p><u>Oppfyljing i møte 3. juni</u></p> <p>Prosjektdirektiv/mandat er utarbeidd, men må justerast noko meir. Prosjektorganisasjon er på plass. Det vert jobba vidare med prosjektet over sommaren. Er framleis på utkikk etter ein brukarrepresentant til</p>	<p>Øyvind og Eystein</p>	

	<p>prosjektet og ein tillitsvald frå legegruppa. Styringsgruppa vil bli styrka med ein representant frå samarbeidskommunane.</p> <p>-----</p> <p>--</p> <p>Status pr. 1. september</p> <p>Arbeidsgruppa er konstituert og første referat ligger ved her. Manglar framleis representant frå tillitsvald for legane i arbeidsgruppa. Ynskjeleg å få dette på plass. Neste møte i løpet av september. Referat frå møta vil bli sendt UFAB fortløpande.</p> <p></p> <p>Referat legebilprosjekt Voss</p>		
7/20	<p>Videoløysing i legevaktsentral og AMK</p> <p>Teknologien er i stadig utvikling og det er semje om at AMK og LVS skal gå i dialog med SNLA (stiftelsen Norsk luftambulanse) om moglegheit for å ta i bruk videoløysing i sentralane. Kommuneoverlækjar peiker ut kven som skal delta i prosjektet innan utgangen av mars. Elin leiar arbeidsgruppa knytt til legevaktene (Voss og Sandnes) og er frikjøpt for 100 000,- til arbeidet. Cathrine Aase frå AMK Bergen leiar arbeidet der.</p> <hr/> <p>–</p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har stoppa pilotprosjektet inntil vidare på grunn av innspel frå regionale IKT-leiarar der dei ynskjer ei anna organisering av prosjektet. Håper på ny oppstart i løpet av denne veka.</p> <hr/> <p>–</p> <p>Status pr. 1. sept:</p> <p>Prosjektet er delt i to, der HDO leiar prosjektet knytt til AMK-sentralar og H-dir leiar prosjektet knytt til LVS.</p> <p>Må melde inn ynskje om å sikre ei løysing etter piloten er ferdig, frem til nasjonal bredding er avklart. Kan ikkje stå utan ei løysing i ein mellomfase.</p> <p>Skal sendes ut informasjon til legevaktlegane om at løysinga er på plass og at legen kan nytta løysinga inne i legevaktsentralen.</p>	Eystein, Øyvind	Elin

8/20	<p>Informasjonsoverføring</p> <p>Det er behov for klare rutinar for kva informasjon som skal fylja pasientar ved overføring mellom sjukehus og institusjonar. Dette har vist seg å vera eit problem ettersom meir og meir informasjon er digitalisert og dermed ikkje tilgjengeleg for personell som transporterer pasientar.</p> <p>Status pr. 1. sept: Må også sjå på korleis ein kan sikre at informasjonen i minst mogleg grad går gjennom fleire ledd som forringer kvalitet på viktig informasjon. Spesielt ambulanse og luftambulanse. Behov for å jobba fram rutinar for dette. Sjå til Telemark.</p>	Elin	Haust 2020
10/20	<p>Faktura frå politi</p> <p>Dette er eit gjentakande tema, både i AMK og ved legevakter. Dette er teke opp mellom helsedirektoratet og politidirektoratet, samt i ulike andre forum regionalt og lokalt. Det finnes eit rundskriv som omtalar samarbeid mellom helse og politi.</p> <p>Ynskje om å få til eit samarbeidsmøte mellom Kvam LV, Voss LV, AMK og Vest politidistrikt.</p> <p>Status pr. 1. sept: AMK har no mykje erfaring med å handtere dette og deler sine erfaringar med Legevaktene. AMK har hatt møter med politiet og vore tydelege på at Politiet må dokumentera sitt krav. AMK Har ikkje motteke krav frå politi til no i 2020. Legevaktene må ta med seg erfaringane frå AMK.</p> <div data-bbox="395 1339 443 1406" style="text-align: center;">  </div> <p>Brev fra Politiets fellestjenester av 27.</p>	Karoline/Åge	Utsett til haust 2020
13/20	<p>Utkalling av akutthjelparar i kommunane</p> <p>Kva finnes av avtalar? Pr. i dag er det akutthjelperordning i Ulvik, Eidfjord og Kvam.</p> <p>Ynskjeleg at denne saka vert teke opp som eige sak på neste møte</p> <p>Status pr. 1. sept: Tek dette inn i arbeidet med tenesteavtalane og særavtalane med kvar kommune.</p>		Haust 2020
14/20	<p>Bliksund for legevaktene</p> <p>Gjort eit arbeid for å få felles rutinar på tvers av legevakter. Litt utfordring med korleis den tekniske løysinga fungerer i dag, knytt til oppdatering, vedlikehald og prosedyrar og ein må sjå på kva prosedyrebøker som</p>	Eystein Hauge	

	<p>skal abonnerast på. Spelt inn å laga felles prosedyrar for legar og ambulansar, men dette krev store ressursar. Det må også vera ein kommunikasjon mellom ambulanseteneste og legevakt knytt til når det kjem oppdatering av prosedyrar.</p> <p>Ynskjer å ta denne saka inn til Felles UFAB, der ein kan løfte problemstillinga og evt. Vurdere vidare tilnærming.</p> <p>Status pr. 1. sept: Ikkje kome vidare med denne saka.</p>		
15/20	<p>Samtrening mellom ambulanspersonell og legar i Eidfjord. Om lag ½ dag pr. mnd. Legane i Ulvik vert også invitert til å delta i dette. Bygga dagane opp med teori og praksis der det lages ein årsplan med ulike tema. Ein vil prøve å lage ei årleg sjekkliste som legane må gjennom og få ein form for «utsjekk», der treningsdagane vert obligatoriske. Andre kommunar som kan sjå for seg ei slik løysing vert oppmoda om å ta kontakt med Otto.</p> <p>Status pr. 1. sept: Det har til no vore to øvingar med gode tilbakemeldingar. Ynskjer å gå vidare med legane i Ulvik som også vil delta.</p>	Rita og Otto	
16/20	Ymse		
	<p>Syning av mors</p> <p>Voss IKL har ei løysing for syning av lik mellom mobiltelefon (sjukepleiar i institusjon) – PC (legevaktlege). Informasjon om dette ligg i Bliksund og sendast på nytt til kommuneoverlegar som tek dette vidare med egne institusjonar.</p>	Silje	
	<p>Transport av personer med påvist eller mistenkt smitte</p> <p>Er ei utfordring for AMK/ambulansetenesta og innimellom også for legevakt. Problemstillinga er løfta til føretaksleiinga, ettersom forskrift om pasientreiser ikkje er relevant for bruk av anna transport enn drosje og ambulanse.</p>	Anne- Karoline	
	Ulike screening-prosedrer frå AMK/ambulanse, sjukehus og legevakt. Korleis handtere dette vidare?	Otto, Elin og Anne -Karoline	Neste møte
	<p>Utfordringar knytta til pasienttransport</p> <p>Alle melder om utfordringar knytt til rekvisisjonskøyring av pasientar. Oppmodar alle instansar om å melde dette som avvik, slik at alle hendingar vert registrert og tatt med inn i forhandlingar og samarbeidsmøter.</p>		

	Neste møte 1. desember på Voss tinghus kl. 0915-1115		
--	---	--	--

Elin (ref.)